

## Det 19. Jolatorget pao Nao

Tradisjonen tru, tredje søndag i advent er det Jolatorg pao Nao. Der kan du få det meste - anten du er på jakt etter julegåver eller ein snarveg for dine eigne juleforebuingar.

Marknaden har flytta frå Frukklageret opp i Bygdahallen der tilbydarar fyller heile huset

med alt frå krotakaker og jolekaker til syltetøy, potet, trearbeid, arbeid i pil og arbeid i ull, juledekorasjonar og bøker. Og julete.

Mange kjem langvegs frå for å sikra seg kortreist hakka steik, lutfisk, raktfisk, pinneskjøt og røykelaks - som også i år finst i hyllene i nærbutikken - som held ope parallelt med marknaden. Også bunadverkstaden på

Nå held ope denne søndagen.

- Det er ei glede å laga til, og interessa for å delta er stor, fortel Elias Bleie og Kåre Grønnes, talsmenn for høvesvis Bygdahallen og Vikebygdkrinse. Dei siste to åra har marknaden vore eit samarbeid mellom Bygdahallen og Vikebygdkrinse, som sistnemnde har stått for i 15 år, Vikebygd Landskapspark i to. I år fekk arrangørane så man-

ge forespurnadar om deltaking, at nokre måtte få nei. Fyrst til mølla-prinsippet gjeld, seier Bleie og Grønnes og forsikrar at det vert trøngt om plassen både inne og utanfor hallen.

For dei som vil ha ei pause, er det torgekaffe, som 7. klasse på Vikebygd skule skipar til.



PAO NAO: Her får kjøpa krotakaker.



UNIKE: Ivar Asbjørn Sekse (t.v.) og Vegard Svoldal har fått idrettsmerkestatuetten etter å ha teke idrettsmerke 15 gonger. No er dei i gang med film om vegen dit, og om andre kjekke ting i heimdistriktet. Tidlegare har dei laga fotoutstilling og spørjeundersøking om kva folk helst vil ha på krotakakene. No tek dei med publikum på trening - og jobb.

Ivar Asbjørn og Vegard vil promotere mindre kjende sjåverdige stader

# Sporeke karerer til film

Då dei to kameratane fekk ideen å laga film om sin veg til idrettsmerkestatuetten og arbeidsklassane sine, utvikla det seg og til promotering av fine stader dei vil at andre og skal få gleda av.

(41) når me møter dei heime på Broto i Kinsarvik. Dei har lese om slike og trur dette prosjektet også høver der.

Utgangspunktet var å filme dei to på trening. Vegard likar klorvatn 'betre enn Ivar Asbjørn, begge er racarar på å kaste. Dei er nemleg sterke, dei to karane. På dansegolv et Vegard ein stødig forar - og skyvar, og ved baktebordet er Ivar Asbjørn ekspert på krotting. Begge stiller i Blømningsmille og dette og meire til er no dokumentert på film.

METTE BLEKEN  
mette@hardanger-folkeblad.no  
99034911

- Målet vårt er å syna filmen på ein festival, seier Vegard Svoldal (38) og Ivar Asbjørn Sekse

ten i heradet fram og tilbake mellom kontora, medan Vegard pressar papp og har oppdrag på miljøstasjonen på Husemoen. «Kjekke jobbar», seier dei.

Når dei vil syna fram Hardanger, har dei valt nokre favorittar; som vikinggravene på Herleid der dei har med lokalkjend vegvisar. Kjeåsen med Bjørgvik som vertinne er og kjekt, og Bergslien sine munkemåleri gir inspirasjon til å gå Munkelepene på Lofthus. I Kinsarvik er fossane i Husedalen storfornitt. «Eg fekk litt vondt i foten på veg opp dalen», fortel Vegard. Kan hende var det hol i

skoen så det kom ein stein inn? I Herand er det hellerisingane som fascinerar, og i Odda tek dei publikum med til Noregs største stein. Skimmuset på Urte er og ein naturleg stoppestad. Der ligg fellprammen som Ivar Asbjørn har vore med faren og sett garn frå på vidda.

Anne Lutro og Trygve Bjørnevoll har vore viktige medspelarar på dugnadsprosjektet som i hovudsak er filma av Anders Flatlandsmo. Arvid Aga har og følgd karane med inse undervegs i prosjektet. Gutorm Rogdaberg er lhyra inn som forteljar, og produksjonsansvarleg

Lutro har fått med ein god dugnadsgjeng.

- Materiale me har er så godt at det og fortener profesjonell redigering. No jaktar me på midlar. Og prosjektet er spesielt, seier Lutro, som krediterer gutane for gode og kreative idear og pågangsmot. Og dei veit kva dei vil, dei glade gutane.

Høyr berre:

- Om Vørringsfossen er med?

- Nei, den treng ikkje hjelp. Fossen er kjend nok frå før, seier dei.

- Korleis kjem ideane?

- Me grublar litt, og so kjern dei berre! svarar Ivar Asbjørn.